



Vegard Aarhun Bergane (17) tok initiativet allereie frå starten. Dette er frå den første kneika i Skogavegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

102 vart med i det andre Solfjelløpet i dag, fordelt på 72 mosjoinistar og 30 i konkurranseklassa. Det var gruppeleiar og primus motor Ole Vidar Monsen svært godt fornøgd med. I fjor var talet 66.

Ikkje uventa tok 17-åringen Vegard Årthun Bergane frå Matre heim sigeren også dette året og det på ny løyperekord.

Han gjorde unna 4,8 kilometer med ein høgdeskilnad på 858 meter på 43,34 medan tida hans i fjor var 45,28.



Familien Mathiesen/Myklebust starta i mosjonsklassa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På andreplassen kom Ole Vidar Monsen med 46,32 medan tredjemann var Gunnar Årvik frå Rosendal me d 47,07. Med andre ord var leiaren av arrangementet sjølv deltakar og det er inga lita oppgåve.



Konkurranseklasse var like stor som i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

!Margunn Eik frå Rosendal var raskast av damene denne gongen - med 52,57 - mens Uskedalens eigen Cathrine Haugland denne gongen vart henvist til andreplassen med 54,46.- Det var svært gode tider i år, heile 24 under timen på nesten 900 høgdemeter, påpeikar Monsen.

Uskedal var beste idrettslag. Dei tre beste på laget brukte 2 timar, 26 minuttar og 2 sekundar. På andreplassen kom Rosendal med 2 timar, 28 minuttar og 21 sekundar og på tredjeplass Matre med 2 timar, 31 minuttar og 46 sekundar.

Det var og trekt på startnummer og her vann Ingvald Lunesen, Kristian Hjelmeland og Tørres Myklebust Lekva gåvekort frå Byggeriet. Kurt Raymond Jekteberg vann bag frå Sparebank 1, Valborg Sjøwall tursekk, Martin Arnesen tursekk og Gunnar Årvik buff.

I fjor gjekk Solfjelløpet i solsteiken, men i år var det ein meir passende temperatur for eit motbakkeløp. Faktisk var det i suraste laget på toppen med regn og sludd i bygene. Men løypa var ikkje sleip og farleg - den var godt tilrettelagd også i øverste delen.

Vi kjem att med fullstendig resultatliste seinare.

Av Ola Matti Mathisen



Rskast til topps på Solfjell: Vegard Årthun Bergane og Ole Vidar Monsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)